

Ål kommune
MØTEINNKALLING
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 26.06.2007 **Tid:** 09:00

Forfall må meldast snøggast mogeleg til møtesekretær på telefon 32 08 50 00

Varamedlemer møter etter nærmare avtale.

TilleggSAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
61/06	05/410	REVIDERT PLAN FOR SLEKABERGET HYTTEFELT - VOTNDALSÅSEN

Stad: Ål kommune , dato: 19.06.2007

Knut Haug
Leiar
Sign:

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 61/06

Arkivsaksnr: 05/410

Arkivkode: GNR 998

Sakshandsamar: Trond Erik Buttingsrud

Saksnummer	Utval	Møtedato
111/06	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	21.11.2006
61/06	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	26.06.2007

REVIDERT PLAN FOR SLEKABERGET HYTTEFELT - VOTNDALSÅSEN

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs. Dersom reguleringsspørsmålet vert avvist, kan søkjaren krevja å få lagt fram saka for kommunestyret.

Vedlegg:

Forslag til revidert reguleringsplan for Slekabergget med føresegner

Dokument i saka:

Forslag til revidert reguleringsplan for Slekabergget med føresegner
Søknad frå Jon Haug om politisk handsaming av forslaget

Saksopplysningar:

Det har kome inn søknad frå Jon Haug om å flytte 4 eksisterande tomter innafor reguleringsplan Slekabergget. Desse tomtene ligg i H6. Dei opprinnelege tomteplasseringane ligg i følgje Jon Haug uheldig nær vegen, ein veg som har vorte meir og meir trafikkert siste åra. Han ønskjer med dette å trekke tomtene lenger vekk frå vegen, og opp på høgdedraget like ovanfor vegen.

Saka vart vurdert i tverrfagleg saksforum 08.05.2005. Konklusjonen då var at dei nye hyteplasseringane vert liggande for ope, og at dei bryt med prinsippet i arealdelen av kommuneplan om at landskapssiluetten ikkje skal verte broten.

Forhold til overordna plan:

Området er i Reguleringsplan for Slekabergget regulert til byggeområde og landbruksområde.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ikkje vurdert ut over siluettverknad.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant.

Vurdering:

Tomtene ligg i dag nært ein veg som går vidare inn til andre hytteområde. Dette er ein veg som etterkvart har vorte mykje trafikkert. Å flytte tomtene vil skjerme hyttene frå vegen, men dei vil verte liggjande ope til på eit høgdedrag. Høgdedraget er skogkledd, men ved bygging av hytter må delar av skogen fjernast og siluetten vil verte broten. Dette betyr at planforslaget bryt med prinsippet i arealdelen av kommuneplanen om at fritidshus ikkje skal plasserast slik at landskapssiluetten vert broten.

Rådmannen finn det med dette ikkje tilrådeleg at tomtene vert flytta til det omsøkte området.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) har vurdert forslag til revidering av reguleringsplan for Slekaberget hyttefelt, og føreteke synfaring i området. Med heimel i plan og bygningslovas §30 avslår STNR ynskje om omregulering då omsøkt ny plassering av dei fire hyttetomtene i H6 i reguleringsplan for Slekaberget hyttefelt vil gi uheldig siluettverknad og soleis bryte med retningslinene til vedteken arealdel av kommuneplanen for Ål der det heiter: ”Pkt 6.4.3. Landskap: Hovudmål: Bygningar... skal ikkje dominere landskapet i utmarksområde. Fritidshus skal ikkje plasserast slik at siluettverknaden vert broten.”

Utviklingsavdelinga, 07.11.2006

Reidun Aaker
Avdelingsleiar

Jan Petter Vad
Sakshandsamar

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 21.11.2006, saksnr. 111/06

Handsaming:

Knut Haug gjekk frå som ugild under handsaminga. I hans stad var Olav Lappegard ordstyrar. Saka vert etter ynskje frå utbyggjar utsett til synfaring på barmark.

Vedtak:

Saka vert etter ynskje frå utbyggjar utsett til synfaring på barmark.